

I Fyresdal barnehage er det ikkje lov å ta med leiker frå heimen og inn i barnehagen. Det inneber også at leiker og ting ikkje skal liggje i sekken eller på plassen.

Regelen gjeld for barn frå 3-5 år. Når det gjeld dei minste barna 1-2 år, har dei lov til å ha med det som er nødvendig for ein trygg kvardag.

Barnehagen er ein pedagogisk institusjon og det er viktig å stille etiske spørsmål og reflektere rundt korleis vi legg opp dagen for barna og kva som er viktig for barns trivsel. Barnehagen skal bidra til ein best mogeleg barnehagekvardag for alle barn.

Dei etiske spørsmåla i dette tilfellet handlar om korleis "å ha med leiker" fungerer i praksis. Vi har observert at det ofte fører til konflikt rundt desse leikene. Barna brukar leikene både til å inkludere og ekskludere (til å erte og stenge ute kvarandre), nokon «kjøper» relasjonar og vener, barn som har med «feil» leike blir heldt på utsida av aktiviteten, nokon barn opplever å vere populære den eine dagen, for ikkje den andre. Dette skjer også når barna har med leiker i barnehagen som «bare» skal liggje i sekken. Då får nokon barn vere med å sjå på og andre ikkje.

«Ein bevisst etisk praksis er viktig for at barn skal få like muligheter til å oppleve vennskap og relasjonar.» (Marius Heimen, master i pedagogikk)

Barnehagen og dei tilsette har ansvar for å gje barna lik moglegheit til å kome inn i leik og bygge vennskap, utan at leiker og ting frå heimen bidreg til å gjere det meir utfordrande for barna.

Sykkel, sparkesykkel, akebrett og ski er ikkje definert som leiker. Desse bør vere med i barnehagen til dei ulike årstidene.

Dersom barn har behov for kosefille eller kosebamse er dette sjølvsagt greitt.

Det er svært viktig at både vi i barnehagen og foreldre/føresette snakkar med barn om dette.

